

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 17.10.2017
SAKSHANDSAMAR: Bård Humberset
SAKA GJELD: **Internrevisjonsrapport - Forskingsaktiviteten i Helse Vest**

ARKIVSAK: 2017/64
STYRESAK: 127/17

STYREMØTE: 14.12. 2017

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

Oppsummering

Føremålet med revisjonen har vore å undersøkje korleis forskingsaktiviteten i helseføretaka gjev grunnlag for kunnskapsoverføring og kvalitetsforbetring, gjennom å sjå på korleis gjeldande forskingsstrategi og vedtekne retningslinjer og ordningar er følgt opp.

Internrevisjonen sin hovudkonklusjon er at Helse Vest si forvaltning av forskingsaktiviteten i helseføretaka i hovudsak følgjer opp desse på ein tilfredsstillande måte.

Revisjonsutvalet behandla rapporten i sitt møte 4. oktober 2014. Følgjande blei protokollert frå møtet (formelt ikkje godkjend):

Oppsummering:

Forskning er eit viktig felt og den fjerde hovudoppgåva for spesialisthelsetenesta. Det var ei brei drøfting rundt rapporten basert på innleiande presentasjon, og ein kom mellom anna inn på forskning knytt pasientsikkerhetsområdet og korleis brukarar blir involverte i forskingsprosjekta.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.